

## Referat foreldremøte 1. steg 03.09.25

Tilstede: 16 av 23 foresette

Velkomen ☺

1. **Vaksne på trinnet:** Synnøve, Elisabeth, Marte og Margrethe  
**Leik:** 1, 2, 3 rødt lys med ein twist 😊
2. **Læringsmiljø:** vere nok vaksne, mykje leik for å bli godt kjent med kvarandre. Seie takk, vere god med kvarandre, høflege og bygge sosial kompetanse. Vi jobbar med styrkene våre kvar dag.
3. **Dagsrytme** – mykje gjentaking av rutinar og overgangar. Vi har starta smått med tal og bokstavinnlæring, men ikkje eit fast opplegg enno. Torsdag er det uteskule, og det er kroppsøving, matematikk, naturfag og norsk i uteskulen.
4. Viktig at alle er her til 8:30 og har med seg utstyr som vi treng i løpet av dagen.
5. **Skuleregler og klasseregler.** Klassereglane er: Eg lyttar og følgjer beskjedar, eg rekk opp handa og ventar til eg får ordet, eg held fokus på skuleoppgåva, eg held hender og føter for meg sjølv, eg respekterer dei vaksne, medelevar og skulen. Linda presenterte skulereglane på fellesdelen. Desse er felles for heile kommunen og ligg på heimesida til skulen.
6. **Læringsplan** – blir sendt heim kvar fredag i Vigilo. Det er mykje lærling gjennom leik. Alle må bli trygg på skulen før vi startar med læring. Det er viktig at alle føresette lese denne. Fleirtalet av føresette vil i tillegg ha planen i papir. Elevane får planen i raud mappe i sekken.
7. Vi startar skuledagen med å vise timeplanen og forklare korleis veka er, kva fag vi har og korleis timane er lagt opp.
8. **Skule/heim-samarbeid:** elevane øver på å ta ansvar, alle må ha bytteklede, innesko og regntøy på plass.
9. Lesing er viktig – Føresette såg film om kvifor lesing for barna er viktig. Det styrker kreativiteten og ordforrådet til barna.
10. **Dinoskulen:** vi skal ha 60 samlingar i løpet av skuleåret, tysdag og fredag. Målet med Dinoskulen er å styrke barns emosjonelle og sosiale kompetanse, styrke barna sitt sjølvbilete og oppleving av meistring og førebygge åtferdsvanskar.  
Temaa vil vere: å følgje reglar og gjere sitt beste, å kjenne att og forstå kjensler, kjensleregulering, sinnemeistring, problemløsing, vennskap, samspel med andre og gode og vonde hemmelegheiter.  
Lekser: det vil bli gitt lekser i Dinoskulen. Dette er friviljug, men vi oppfordrar til å gjere leksene samen med barna dykker. Dette vil hjelpe på motivasjonen deira og de heime blir kopla på kva tema vi er innom kvar veke. Dersom dei gjer leksene vil påskjønninga vere eit jakkemerke! Og det er veldig populært.
11. **Skulefritidsordninga (SFO)** er eit tilbod før og etter skuletid. Vi skal dekkje barna sine behov for tilsyn, omsorg og tryggleik. Vi jobbar etter Rammeplan for SFO og Helsefremmande skule og SFO for Øygarden kommune. Barna skal lære sosial kompetanse gjennom leik og samspel med barn og vaksne. Vi har aktivitetar som skal fremje fysisk, psykisk og sosial helse. Vi vektlegg den frie leiken, fordi den er viktig og gjev grunnlag for god sosial utvikling.  
Det er innført 12 timer gratis SFO for 1. 2. og 3.steg. Ein kan søkje om redusert foreldrebetaling dersom ein treng dette, meir informasjon finn du på kommunen si

heimeside. Vigilo er vår kommunikasjonskanal. Vigilo må nyttast ved påmelding, endring og oppseiling av plass i SFO. Det vert tilbod om ferie-SFO i haust-/vinterferie, samt 3 veker i sommarferien på utvalde skuler. Alle beskjeder til SFO må skrivast i Vigilo innan kl. 8:30 kvar dag. Dersom ein treng å nå SFO etter dette må ein kontakte administrasjonen eller ringje SFO-telefonen tlf.nr. 977 86 886/991 13 170.

Spildepollen SFO har Instagramkonto, her viser vi litt frå dagen vår. Det blir aldri lagt ut bilete av ansikt.

12. Vedtekter, elektronisk søknad og meir info på [www.oygarden.kommune.no](http://www.oygarden.kommune.no)
13. Ein føresett på steget fortel om barnet sitt. Ta kontakt med skulen viss de lurar på noko.
14. Foreldrerepresentantar: FAU: Marianne, mor til Ella. Vara er Silje, mor til Solfrid. SFO: Mona, mor til Frida 2. steg. Vara er Tonje, mor til Elea 1. steg.

Referent: Marte